

2019

Årsmelding 2019

FJALER KOMMUNE
ANNIKKEN MYKLEBUST

Innhald

1 Innleiing	2
1.1 Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret.....	2
1.2 Føremålet med årsmeldinga	2
1.3 Organisering	3
1.4 Kvalitet og internkontroll	4
2 Hovudmål og resultat	5
2.1 Hovudmål for Fjaler kommune.....	5
2.3 Befolkningsutvikling	6
2.4 Sysselsetting	7
2.5 Miljø.....	8
3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv	12
4 Økonomi	14
4.1 Netto driftsresultat.....	14
4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter	15
4.3 Langsiktig gjeld	15
4.4 Disposisjonsfond.....	16
4.5 Rekneskapsprinsipp.....	17
4.6 Økonomisk oversikt driftsrekneskapen.....	18
4.7 Rekneskapsmessig resultat	19
4.8 Driftsinntekter	19
4.9 Driftsutgifter	19
4.10 Finanstransaksjonar	21
4.11 Investering.....	22
4.12 Gjeld og utlån	22
5 Oppvekst.....	24
6 Helse og omsorg	27
7 Tekniske tenester	36
8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur	39
Kultur og idrett	41

1 Innleiing

1.1 Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret

Også i 2019 var det god og effektiv drift og vi leverer gode tenester som står i forhold til inntektene våre.

Dei største sakene gjennom året er fusjonsprosessen mellom Sunnfjord Energi og BKK, ny skule på Dingemoen, bompengefinansiering av opprusting av FV 57, Nasjonal ramme for vindkraft, iverksetting av ny organisering av helse og omsorg,,. I tillegg har det vore arbeid mykje med kommunen sin arealplan. Bygging av Beredskapsbygg i Dale var ei krevjande sak som vart avslutta då politiet trekte seg frå samarbeidet.

I 2019 var det kommune og fylkestingsval som også gjorde krav på mykje ressursar over fleire veker.

Den demografiske utviklinga i kommunen er utfordrande. Dei demografiske utfordringane er slik som i andre kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane med ein stor andel aldrande befolkning og fødselsunderskot.

Folketalsframskrivinga for kommunen syner feil utvikling då elevane på UWC er rekna med i statistikkgrunnlaget. Å jobbe aktivt og systematisk saman med næringslivet om tilflytting er ei viktig oppgåve framover. Folketalsauke er viktig for kommunen sitt inntektsgrunnlag og økonomiske handlingsrom framover.

1.2 Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal framjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne

vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Ideelt sett bør årsmeldinga vere ei evaluering av måloppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringar på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret

Etter Kommuneleva § 14-6.7 skal kommunestyret vedta disponering av rekneskaps - overskot / inndekning av underskot. Kommunestyret får i rekneskapsaka ei tilråding frå to organ.

Kontrollutvalet si tilråding vil ha fokus på om

rekneskapen er gjort opp i samsvar med lov og forskrift. Formannskapet skal tilrå disponering / inndekning av overskot / underskotvesentlege forhold som ikkje går fram av rekneskapen.


1.3 Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med undersliggende tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringar for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Kommunedirektør inkl Kultur og Lanbruksforvaltninga
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Finansielle føremål

Rådmann si leiargruppe består av 3 kommunalsjefar, økonomisjef, personalsjef og kulturleiar.



1.4 Kvalitet og internkontroll

Ny kommunelov stiller strenge krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Ved internkontroll etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha kultur for læring og forbetring, og å ha system for læring som fylgje av tidlegare feil og uønskte hendingar. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette. I kvalitetshandboka får tilsette tilgang til lovverk-, interne rutinar og retningsliner-, ein registrerar og behandlar avvik-, og gjennomfører risiko-vurderingar. Til saman utgjer dette kommunen sitt styringssystem.

Gjennomførte tiltak 2019

- Oppretting av kvalitetsgruppe, som set mål og retning for kvalitetsarbeidet (7 møter)
- Gjennomført prosjekt: *System for internkontroll i høve personvern og info.tryggleik*
- Opplæring i bruk av kvalitetshandboka: 11 opplæringsøkter for meldarar- og behandlarar av avvik, redaktørar i dokumentstyring, behandlarar i skademodul og i bruk av risikomodul
- Oppstart prosjekt: *ECO-online* (elektronisk stoffkartotek)
- Oppstart prosjekt: *Heilskapleg ROS og dokumentasjon i høve Beredskap*

Planlagde tiltak 2020

- Implementering av ny plattform for Kvalitetshandboka, med innføring av elektronisk årshjul, godkjenningssløyfe og lesebekrefting på dokument
- Opplæring for tilsette i interne retningsliner og rutinar for informasjonstryggleik og personvern
- Ta i bruk KS-læring, opplæringsplattform for tilsette
- Vidare arbeid med implementering av elektronisk stoffkartotek
- Ferdigstilling av heilskapleg ROS og revisjon av beredskapsdokumentasjon

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	Resultat		MÅL 2020
		2018	2019	
Positiv avvikskultur	Tal meldte avvik, alle område	202	277	300
Positiv forbetningskultur	Tal forbetningsforslag	5	19	30
God kunnskap om informasjonstryggleik	Tal avvik personvernbrot	6	22	40

Merknad til strategiske mål: Kommunen ynskjer medverknad frå dei tilsette i kvalitetsarbeidet.

Tilsette kan melde avvik og forbetningsforslag innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, Legemiddel og Ikt og informasjonstryggleik. Då kvalitetssystemet var implementert i 2015 var det meldt opp mot 400 avvik. I åra etter har det vore ein stor nedgang.

Det er innført mange interne rutinar og retningsliner i høve GDPR-forordninga. Tilsette har i liten grad fått opplæring i desse. Det er ynskjeleg med ein auke i avvik på dette området fordi det kan vise til om tilsette kjenner att brot på personvernreglar.

2 Hovudmål og resultat

2.1 Hovudmål for Fjaler kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i 2014 har følgjande mål for samfunnsutviklinga i Fjaler:

Overordna mål:

Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

2.3 Befolkningsutvikling


Fjaler kommune hadde ein nedgang i folketalet frå 2018-2019 på 94 personar. Dette gjev ein reduksjon på 3,3 %. Noko av nedgangen kan forklarast med elevtalet på UWC og tidspunktet for inn- og utmeldingar elevar. Dette stadfestar statistikken på grunnkretsane der Flekke åleine er ned 33 personar.– men dette er ikkje heile forklaringa på nedgangen.

Dersom vi ser på foletalet så langt i 2020 har det retta seg noko – her har vi ein auke på 32 personar.

Dersom ein ser folketalet over ein ti-årsperiode er nedgangen på 68 personar. Trenden er at kommunen har folketalesvekst i Dale og områda rundt medan utkantane med unntak av Tyssedal har nedgang.

Grunnkrets	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå 2009-2019
Flekkje/Espedal	494	516	571	475	502	477	464	469	486	455	442	-52
Hovlandsdal	66	67	61	60	56	55	55	51	47	48	48	-18
Guddal/Heggheim	113	117	113	115	113	116	115	115	112	111	102	-11
Øvre Vassdalen	79	77	78	72	68	70	69	65	64	66	66	-13
Nedre Vassdalen	184	179	183	191	192	190	180	184	183	184	167	-17
Bjerga/Bortheim/Jarstad	516	508	519	516	517	516	519	515	530	549	528	12
Dale/Sletteland	414	425	436	457	476	474	472	484	500	507	523	109
Sagevik/Yksnebjør	260	261	267	271	270	263	274	300	300	303	284	24
Fure	90	89	85	91	92	87	89	86	81	72	67	-23
Folkestad	78	75	73	79	75	76	71	72	71	71	73	-5
Våge	220	214	219	198	198	198	197	189	188	186	189	-31
Lone	121	119	126	121	114	118	118	114	119	119	120	-1
Gjøllanger	155	150	151	154	155	154	149	140	144	138	127	-28
Tyssedal	30	28	24	26	34	37	36	35	32	35	32	2
Uoppgitt grunnkrets	18	21	3	6	9	22	15	11	5	2	2	-16
Sum	2838	2846	2909	2832	2871	2853	2823	2830	2862	2846	2770	-68

Tabellen under viser personer i dei forskjellige aldersgruppene fordelt etter kjønn.




2.4 Sysselsetting

Sysselsette etter arbeidsstad og næring i Fjaler kommune pr. 4 Q 2019

Kode	Sektor	2015	2016	2017	2018	2019
01-03	Jordbruk, skogbruk og fiske	118	110	113	98	101
05-43	Sekundærnæringer	255	255	245	232	230
45-82	Varehandel, hotell og rest. samferd, finans, ftenesteyt, eiendom	346	354	352	353	347
84	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	56	52	56	49	57
85	Undervisning	184	184	186	191	183
86-88	Helse- og sosialtjenester	351	363	365	354	357
90-99	Personlig tjenesteyting	35	38	33	34	40
00	Uoppgitt	11	5	3	4	6
Sum		1 356	1 361	1 353	1 315	1 321

Hva innbyggerne arbeider med




2.5 Miljø

I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skal reviderast i 2020.

Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor byggjer på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

Mål 1- Redusere utsleppet av klimagassar

Grafen i figur 1 viser direkte klimautslepp i Fjaler for 2017, fordelt på utsleppskjelder. Data for 2018 og 2019 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslepp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslepp kan skje. Grafen til høgre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslepp.



Figur 1 Fordeling av klimagassutslepp, 2017, til venstre og historiske utslepp og utsleppsmål (tonn CO₂) til høgre. Kilde kommunalbanken

Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og frå 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2017 hadde kommunen to 2 hybridbilar (barnevern og teknisk kontor). I 2018 er talet på hybridbilar auka til 4 samt at BIO har ein rein el-bil. Ved utskifting av leasingbilar framover vil ein i hovudsak vurdere hybrid og el-bilar. Fleire av bilane er planlagt utskifta til el-bil i 2020.

Felleskjøring til kurs og møter blir brukt så langt det passar.

Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbygarane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

Mål 2- Redusere den kommunale energibruken


I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimate, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til.

Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, førskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturbygg. Samla areal for kommunale bygg var i 2018 auka med 874 m² (sal av Lillingstonheimen og kjøp av Samvirke bygget).

	2015	2016	2017	2018	2019
Samla årsforbruk i kWt	2 788 887	2 996 245	3 139 303	3 019 876	3 017 885

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket vore aukande, frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i samla årsforbruk frå 2017 til 2018 og vidare liten reduksjon i 2019, noko som viser at ein er på rett veg. Energibruken pr m² for kommunale bygg var er redusert frå 151 til 140 kWh i 2018, som gjeve ein prosentvis reduksjon på 7,3 %. For 2019 var energibruken litt aukande til 142 kWh pr m². Grafen nedanfor viser Fjaler sin energibruk samanlikna med heile landet, Sogn og Fjordane og KOSTRA-gruppa til Fjaler.

12190: Utvalgte nøkkeltall for klima og energi, etter region og år. Energibruk per m² eid areal (kWh).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Fjaler sjukeheim har fått ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi, radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når annlegget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Når det gjeld kommunale veglys er vi inne i ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys. Utsiftinga fortsette i 2018 og no er nesten alle armatur utskifta. Straumutgiftene er som følgje av utskiftinga redusert med over 40% dei siste tre åra.

Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse anlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Det er og regulert eit område til vindkraft på Lutelandet som er planlagt oppstart på utbygging i 2020.

Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet

Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019.

Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører slamtøminga, og kommunen må følgje opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i omnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registreristar at det er ein jamn utskiftning til meir mljøvenlege omnar i private hushaldningar

Innsamling av plast har og hatt stort fokus i 2018 og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

Mål 5- Redusere avfallsmengdene

Sunnfjord Miljøverk si årsmelding for 2019 er ikkje klar, men tidlegare årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå hushaldningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjenvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.

Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådelling av tomtar og byggesakshandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartleggingar dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggesaker. Faresoner og aktsemdsoner vil bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sin overordna beredskapsplan inneheld også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.

Oppsummering:

Det er fortsatt eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå 2019 viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei to siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon. Revisjon av energi-, klima- og miljøplanen vil medverke til auka fokus på klima og miljøarbeid i tillegg til å setje mål og strategiar for kommunen sitt arbeid framover.

3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv



Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, og denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

Arbeidstrening

Jamleg tek vi i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemmingar ved behov.

Kjønnsbalanse

I Fjaler kommune er det 342 tilsette fordelt på 281 årsverk per 31.12.2019. Av desse 342 er det 276 kvinner og 66 menn. Dette er ein kvinnedel på 80,7 %. For 2018 var tala til samanlikning 351 tilsette fordelt på 282 årsverk. Av desse 351 var det 287 kvinner og 64 menn, noko som gjev ein kvinnedel på 81,8 %. Som elles i kommunal sektor er kvinner sterkt overrepresentert men vi ser ei prosentvis auke i tal menn som jobbar i kommunen, og det er positivt.

Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ei balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg i nokre sektorar å få dette til. Dette gjeld både på kvinnedominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

Tiltak kjønnsbalanse

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretrekt kjønn gitt like føresetnadar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men og i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar og for mannlege arbeidstakarar i desse sektorane. I fjor rekrutterte vi ein mannleg lærling i helsefagarbeidarfaget, og vi håper vi i år og får fleire menn på våre søkjarlister både i helse og omsorg og i oppvekst.

Arbeid med heiltidskultur

	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	276	146	130	146	82,56	63,51	82,81
Menn	66	36	30	36	16,62	55,4	79,73
Sum	342	182	160	182	99,18		82,22 %

Av dei tilsette arbeidar 53,2 % av både kvinner og menn deltid. Dette er ei auke frå 2018, då talet var 49,9 %.

Ein del tilsette i helgestilling i helse og omsorg gjer at vi kjem ut med mange tilsette på deltid, dette gjeld uavhengig av kjønn. Det har vore ei auke frå 78,2 % i 2017 til 81,7 % i 2018 og no til 82,2 % gjennomsnittleg deltidsstilling det siste året for alle tilsette sett under eitt. Tala frå 2014 og til i dag synar ei auke frå 71 % til 82,2 %, og dette tydar forhåpentlegvis på at vi er på rett veg i arbeidet med heiltidskultur.

For kvinner har gjennomsnittleg stillingsprosent auka frå 82,4 % til 82,8 % det siste året, og viss vi ser tilbake til 2014 har det vore ei auke frå 71 % til 82,8 % totalt i perioden.

Stillingsstorleken for menn i gjennomsnitt er noko høgare i 2019 enn i 2018, med ei auke frå 78,2 % til 79,7 %.

Tiltak heiltidskultur

Årsturnus i helse og omsorg frå 2016 har gjort det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram. For 2020 kom vi ikkje i hamn med forhandlingar og ny årsturnus, og vi ser allereie at dette får utslag på stillingsprosentane til dei tilsette. Det er både arbeidsgjevar og dei tillitsvalde sitt ønskje at det frå 2021 igjen blir årsturnus.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Vi har jamlege møter med dei tillitsvalde der drøfting av deltidsproblematikk er eit punkt på agendaen. Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidstilsette som ønskjer auke i stilling.

4 Økonomi




4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å finansiere investeringar og bygge opp reservar. Målet sett sentral er at kommunane skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,75%.

Etter fleire år med positivt netto driftsresultat fekk vi i 2019 eit negativt netto driftsresultat på 1,4%.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	2,3 %	5,2 %	4,0 %	-1,4 %
Landet	4,0 %	3,8 %	2,6 %	1,7 %
Kostragruppe 02	3,4 %	3,0 %	1,9 %	0,3 %

4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i lønnsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekket. Reduksjon i lønnsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønnsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.


	2016	2017	2018	2019
Løn og sosiale utgifter i % av Brutto dr. inntekter	64,60 %	63,80 %	64,60 %	68,30 %

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre.

4.3 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter er eit uttrykk for kommunen si gjeldsbelastning. Nøkkeltalet seier noko om kommunen sin soliditet og finansieringsstruktur. Fjaler kommune ligg no over snittet i kommunegruppa og snittet for landet. I tida framover vil gjeldsgrada til kommunen auke og ligge langt over det som er anbefalt. Årsaka er at vi over tid har hatt store investeringsutgifter, i tillegg vil bygging av ny skule auke denne ytterlegare. Dei fleste av investeringane i Fjaler kommune er lånefinansiert.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	65,0 %	76,5 %	74,2 %	86,1 %
Landet	79,1 %	78,9 %	82,0 %	77,1 %
Kostragruppe 02	77,1 %	77,4 %	79,7 %	76,9 %

Netto lånegjeld i kroner per innbygger



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	63 212	79 929	83 884	95 623
Landet	63 988	66 827	71 453	68 870
Kostragruppe 02	72 514	76 349	81 402	80 508

4.4 Disposisjonsfond


Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor den delen av «reservane» som gjev det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2019 på kr 17,5 mill.

Grafen under viser utviklinga av dei frie fondsmidlane i prosent av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	0,4 %	4,2 %	6,9 %	5,6 %
Kostragruppe 02	6,4 %	8,1 %	9,3 %	8,6 %

4.5 Rekneskapsprinsipp

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsipp jf. Kommunelova §48 og rekneskapsføreskrifta §7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen.

Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknytning til investeringar o, utlån m.v. samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nullt ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdtakarar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det vil sei at det ikkje er gjort inntekter for tilhøyrande utgifter og då heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette fører til at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett beløp.

4.6 Økonomisk oversikt driftsrekneskapen

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	10.314.911,12	10.353.136,00	10.853.136,00	9.891.516,53
Andre salgs- og leieinntekter	18.951.208,95	16.897.669,00	16.897.669,00	18.219.155,39
Overføringer med krav til motytelse	49.978.767,06	36.766.144,00	36.482.544,00	48.985.948,93
Rammetilskudd	137.551.855,00	136.488.000,00	136.835.000,00	138.349.515,00
Andre statlige overføringer	9.886.357,60	7.616.476,00	7.216.476,00	17.626.198,05
Andre overføringer	7.992.91,83	50.000,00	50.000,00	927.570,64
Skatt på inntekt og formue	67.254.289,90	65.392.000,00	67.136.000,00	63.971.751,17
Eiendomsskatt	8.089.871,00	7.994.000,00	7.769.000,00	7.227.379,81
Andre direkte og indirekte skatter	11.889,00	0,00	0,00	10.518,00
Sum driftsinntekter	302.838.441,46	281.557.425,00	283.239.825,00	305.209.553,52
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	166.745.632,62	160.427.251,99	160.593.847,00	160.691.012,09
Sosiale utgifter	40.188.815,01	38.784.775,01	37.186.180,00	36.554.129,10
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produsjon	48.004.286,55	41.281.629,00	40.238.629,00	43.552.665,95
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produsjon	36.123.778,25	30.026.400,00	28.850.400,00	31.331.934,98
Overføringer	24.864.250,59	23.528.079,00	19.248.710,00	21.255.690,57
Avskrivninger	13.076.226,35	10.662.000,00	10.662.000,00	12.042.536,92
Fordelte utgifter	-15.939.979,10	-11.229.441,00	-11.229.441,00	-13.145.109,00
Sum driftsutgifter	313.063.010,27	293.480.694,00	285.550.325,00	292.282.860,61
Brutto driftsresultat	-10.224.568,81	-11.923.269,00	-2.310.500,00	12.926.692,91
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	6.673.651,78	6.377.936,00	2.760.000,00	2.921.951,94
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	20.826,00	50.000,00	50.000,00	21.161,64
Sum eksterne finansinntekter	6.694.477,78	6.427.936,00	2.810.000,00	2.943.113,58
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	4.821.675,96	5.123.000,00	6.223.000,00	6.386.707,55
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	9.602.000,00	9.500.000,00	8.400.000,00	9.902.000,00
Utlån	98.917,00	150.000,00	150.000,00	73.728,28
Sum eksterne finansutgifter	14.522.592,96	14.773.000,00	14.773.000,00	16.362.435,83
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-7.828.115,18	-8.345.064,00	-11.963.000,00	-13.419.322,25
Motpost avskrivninger	13.076.226,35	10.662.000,00	10.662.000,00	12.042.536,92
Netto driftsresultat	-4.976.457,64	-9.606.333,00	-3.611.500,00	11.549.907,58
Inteme finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3.321.146,42	3.321.146,42	0,00	4.297.079,80
Bruk av disposisjonsfond	8.249.000,00	8.531.769,00	1.779.000,00	1.796.000,00
Bruk av bundne fond	6.633.623,20	1.912.500,00	1.912.500,00	5.690.613,59
Sum bruk av avsetninger	18.203.769,62	13.765.415,42	3.691.500,00	11.783.693,39
Overført til investeringsregnskapet	392.593,00	0,00	0,00	155.084,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	4.079.082,42	4.079.082,42	0,00	12.453.079,80
Avsatt til bundne fond	7.125.514,58	80.000,00	80.000,00	7.404.290,75
Sum avsetninger	11.597.190,00	4.159.082,42	80.000,00	20.012.454,55
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	1.630.121,98	0,00	0,00	3.321.146,42

4.7 Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1,6 mill. Drift av tenestoområda kom med eit samla meirforbruk på kr 1,4 mill.

Skatteinngangen og rammeoverføringane frå staten vart betre enn budsjettet. Målt mot revidert budsjett hadde vi ei meirinntekt på desse postane på kr 2,9 mill.

Fjaler kommune hadde eit negativt brutto driftsresultat 10,2 mill. Dette er betre enn revidert budsjett, men vesentleg dårlegare enn kva ein oppnådde i 2018 rekneskapsmessig. Brutto driftsresultat fortel kva kommunen har til å betene lån, evne til eigenfinansiering av investeringar og evne til avsette midlar til seinare års bruk.

Sjå kommentarar frå sektorane for meir informasjon

4.8 Driftsinntekter

Fjaler kommune sine driftsinntekter er sett saman av

- Skatteinntekter
- Rammetilskot frå staten
- Eigedomsskatt
- Andre inntekter som vert inntektsført på einingane, td refusjonar, brukarbetalingar, husleigeinntekter og øyremerkte tilskot.

I 2019 var samla driftsinntekter på kr 302,8 mill. , dette er ein reduksjon i høve 2018 på kr 2,4 mill. Dei fleste inntektene auka frå 2018-2019, men årsaka til den samla reduksjonen er at kommunen i 2018 fekk ei betydelig overføring frå Havbruksfondet, dette er ikkje ei årleg inntekt.

4.9 Driftsutgifter


Fjaler kommune sine driftsutgifter (eks interne overføringar) er sett saman av

- Løn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon
- Andre utgifter som tilskot, overføringar og avskrivningar

Driftsutgiftene auka me kr 20,7 mill frå 2018-2019 (7,1 pst)Auken i løn og sosiale utgifter var åleine på kr 9,7 mill (4,9pst) samanlikna med 2018 og ein auke i høve budsjett på kr 7,7 mill (3,8 pst).

Avviket på løn må sjåast i samanheng med inntektsposten på refusjon sjuke- og fødselsløn. Her har vi eit avvik i høve budsjett på kr 5,8 mill. Det reelle meirforbruket på løn blir difor kr 1,9 mill. noko av forklaringa ligg i kortidsfråveret der kommunen må dekke dei første 16 dagane ved sjukefråver, samt noko auke i pensjonsutgiftene og vikarbruk på nokre einingar. Når vi har overskriding på løne vil og dei sosiale utgiftene auke.

Tabellen under syner netto driftsutgift pr innbyggjar og tenestoområde (justert for utgiftsbehov)



	Fjaler	Landet	Kostragruppe 02
■ Pleie og omsorg	16 997	19 474	19 358
■ Grunnskole	16 232	14 887	15 851
■ Barnehage	9 506	9 086	9 634
■ Adm, styring og fellesutgifter	5 794	5 170	6 415
■ Sosiale tjenester	2 905	3 172	3 236
■ Kommunehelse	3 495	3 014	3 219
■ Barnevern	2 183	1 833	2 324
■ Kultur og idrett	3 631	2 624	2 682
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	856	832	864
▲ ■ Andre områder	5 361	2 514	3 434
Brann og ulykkesvern	1 059	874	1 183
Kommunale boliger	-274	52	-134
Samferdsel	2 499	975	1 807
Næringsforv. og konsesjonskraft	955	-63	-442
Kirke	1 122	676	1 020
Totalt	66 959	62 606	67 016

4.10 Finanstransaksjonar

Finansinntekter

Finansinntektene er sett saman av renteinntekter, utbytte og eigaruttak, gevinst ved sal av finansielle omløpsmidlar samt mottekne avdrag på utlån.

Samla finansinntekter i 2019 er på kr 6,7 mill mot 2,9 mill i 2018. Av dette er

- Kontantoppgjer BKK kr 2,4 mill
- Utbytte Sunnfjord energi kr 2,7 mill
- Utbytte Firda Billag kr 0,1 mill
- Renteinntekter kr 1,5 mill

Når det gjeld kontantoppgjeret frå BKK i samband med fusjonen mellom Sunnfjord energi og BKK var det samla på kr 10 mill. Resterande vart inntektsført i investeringsrekneskapen og avsett til utviklingsfondet.

Finansutgifter

Finansutgiftene er sett saman av renteutgifter, provisjonar og andre utgifter knytt til kommunen si låneportefølje.

Renteutgifter knytt til kommunen si låneportefølje utgjorde i 2019 var på kr 4,8 mill

Avdrag på kommunen si låneportefølje utgjorde kr 9,6 mill.

4.11 Investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2.115.000,00	3.067.200,00	1.410.000,00	1.280.000,00
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	910.214,00	0,00	0,00	6.954.138,00
Kompensasjon for merverdiavgift	10.851.975,22	15.782.000,00	16.990.000,00	9.188.710,58
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	3.133.000,00
Andre overføringer	4.206.804,00	0,00	0,00	1.685.699,00
Renteinntekter og utbytte	7.968.620,00	7.968.620,00	0,00	0,00
Sum inntekter	26.052.613,22	26.817.820,00	18.400.000,00	22.221.545,58
Utgifter				
Lønnsutgifter	3.531,00	0,00	0,00	171.198,56
Sosiale utgifter	56,25	0,00	0,00	29.068,59
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	49.598.832,25	75.116.800,00	70.830.000,00	39.160.531,24
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	292.392,20	1.987.800,00	820.000,00	2.831.206,60
Overføringer	11.251.975,22	16.177.500,00	17.390.000,00	9.190.710,58
Renteutgifter og omkostninger	8.172,15	0,00	0,00	408,28
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	61.154.959,07	93.262.100,00	89.040.000,00	51.383.123,83
Finansransaksjoner				
Avdrag på lån	496.569,00	0,00	0,00	494.100,00
Utlån	1.302.500,00	0,00	0,00	1.714.288,00
Kjøp av aksjer og andeler	884.141,00	4.941.000,00	4.941.000,00	914.993,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	10.887.701,00	9.378.620,00	1.410.000,00	2.117.102,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	13.370.911,00	14.319.620,00	6.351.000,00	5.240.483,00
Finansieringsbehov	48.473.256,85	80.763.900,00	76.991.000,00	34.402.061,25
Dekket slik:				
Bruk av lån	46.833.176,33	69.172.900,00	71.900.000,00	29.126.540,05
Salg av aksjer og andeler	0,00	6.500.000,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	283.250,52	0,00	0,00	1.683.682,79
Overført fra driftsregnskapet	392.593,00	0,00	0,00	155.084,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	1.248.000,00
Bruk av bundne driftsfond	173.900,00	0,00	0,00	305.215,46
Bruk av ubundne investeringsfond	790.337,00	5.091.000,00	5.091.000,00	1.883.538,95
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	48.473.256,85	80.763.900,00	76.991.000,00	34.402.061,25
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Viser elles til regnskapsskjema 2A og detaljert investeringsrekneskap i regnskapsheftet.

4.12 Gjeld og utlån

Den langsiktige gjelda til ekskl. pensjonsforpliktingar har auka med kr 63,1 mill frå 2018-2019. Lånegjelda er ved utgangen av 2019 på kr 322,7 mill.

Det er i løpet av 2019 betal kr 9,6 mill i ordinære avdrag på kommunen si lånemasse og kr 0,5 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2019 fastrente på 77,2% låneportefølja. Vi hadde ein renteswap som gjekk ut i juni så ved utgangen av året hadde vi ingen renteswapar som sikringsinstrument. Ved utgangen av året var det eitt sertifikatlån i portefølja.

Rente: ved utgangen av året var gjennomsnittrenta i porteføljen 1,9%. Referanserenta låg på 2,20% medan 3 mnd Nibor var 1,84%.

Portefølja sin durasjon var på 2,1 år

Bank	Instrument	Beløp	Forfall	Renter	% av total portefølje
Danske Bank	Fast rente	59 800,0	2021	1,9	18,53 %
DNB	Sertifikatlån	63 815,0	2020	1,7	19,77 %
Kommunalbanken	Fast rente	67 859,0	2022	1,95	21,03 %
Kommunalbanken	Fast rente	60 722,0	2024	2,19	18,82 %
Danske Bank	fast rente	60 898,0	2020	1,69	18,87 %
Husbanken	lån med rentekomp	255,0	2022	1,89	0,08 %
Husbanken	Startlån	250,0	2025	1,89	0,08 %
Husbanken	Startlån	614,0	2029	1,89	0,19 %
Husbanken	Startlån	772,0	2028	1,89	0,24 %
Husbanken	Startlån	1 023,0	2031	1,89	0,32 %
Husbanken	Startlån	2 003,0	2023	1,89	0,62 %
Husbanken	Startlån	1 697,0	2040	1,89	0,53 %
Husbanken	Startlån	3 000,0	2039	1,89	0,93 %
Sum låneportefølje		322 708,0		1,9	100,00 %

Totalt disponerte ubrukte lånemidler ved utgangen av året er på kr 47,7 mill, dette er in auke i høve 2018 på kr 26,4 mill.

Eit stort tal ubrukte lånemidler seier noko om at vi ikkje klarer å halde framdrifta på prosjekta som er vedtekne og eit signal på at det nok vert starta fleire prosjekt enn kva administrasjonen har kapasitet til å gjennomføre. I 2019 er nok situasjonen noko spesiell fordi vi skal bygge ein ny skule. Vi må gjere låneoptak slik at vi sikrar likviditetn og at vi har midlar etter kvart som fakturerer forfell.

5 Oppvekst

1 Om Sektoren

Vi har ein ungdomsskule- Fjaler ungdomsskule, ein 1 – 10 skule – Våge skule, tre 1 – 7 skular – Dingemoen skule, Guddal skule, Flekke skule, og tre kommunale barnehagar – Yksnebjør, Våge, Flekke. Flekke er organisert som barnehage og skule. I Fjaler er det ein privat barnehage. Vi er barnehagemyndigheit for den. Fjaler er vertskommune for PPT-kontoret og Hafs oppvekst. Styrarane, rektorane, leiar ppt og koordinator Hafs oppvekst rapporterer til kommunalsjef oppvekst.

Flyktingtenesta er lagt organisatorisk under kommunalsjef oppvekst. Vi har to flyktingkoordinatorar – ein fast og ein mellombels.

2 Økonomi

	2018	2019
Rekneskap	73 614	76 343
Budsjett	75 297	76 014
Avvik	-1 683	329

Rekneskapen for oppvekst og flyktingteneste viser eit overforbruk totalt på kr. 329` i høve budsjett. Det er eit overforbruk i høve budsjett på desse tenestene:

- **Administrasjon oppvekst** har eit overforbruk. Musikkskulen har eit overforbruk for Fjaler sin del på ca 400`. Overføringar til privat barnehage 130`. Skuleskyss 110`. Kjøp av plass i andre kommunar vart og ein vesentleg uføresett auke.
- **Dingemoen skule** har eit lite underforbruk. Her har særleg SFO hatt større inntekter på plassar enn budsjettet. Dette utan at det har vore særleg auke i lønsutgifter.
- **Flekk skule og barnehage** har eit underforbruk på kr 490`. Her har største delen av innsparinga kome i barnehagen og SFO. Her er det vore ein fleksibel bruk av personalet på tvers av barnehage og SFO. Rektor har og gått mykje inn som vikar.
- **Guddal skule** har eit underforbruk på kr. 280`. Noko er sjukelønsrefusjon og noko er drift
- **Våge skule** har eit overforbruk på kr. 400`. Grunnane er større vikarutgifter enn budsjettet. Fleire i foreldrepermisjon enn det vi visste då vi la budsjettet, samt at tilsett i eit langt vikariat var høgere løna enn den tilsett var vikar for.
- **Fjaler ungdomsskule** er på budsjett. Her var eit overforbruk på lønsutgifter grunna auka trong for spesialundervisning, men det har blitt balansert med fondsmidlar.
- **PPT** har eit overforbruk på kr. 128`. Hovuddelen er på refusjon frå fylkeskommunar og samarbeidskommunane, då feil i rekneskap for 2018 er retta opp i 2019.
- **Yksnebjør barnehage** har eit underforbruk på kr 236`. Største avviket her i høve budsjett er refusjon sjukepengar. I periodar har vi greidd å halde godkjent bemanninga oppe utan å leige inn vikar, eller å bruke tilsette på tvers av avdelingar.
- **Våge barnehage** har eit underforbruk på kr. 265`. Innsparinga her har blitt gjort ved lite bruk av vikar ved sjukmeldingar. Det har og vore innsparing på drift, samt at inntekter har auka grunna fleire born i barnehagen.
- **Flyktingtenesta** er på budsjett.

Av større nasjonale satsingar så har vi vidareutdanning for lærarar. Her får vi refundert mykje av utgiftene til vikar.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Det har vore lite endringar gjennom året når det gjeld årsverk. Men grunna nye enkeltvedtak opp mot spesialundervisning har vi på enkelte einingar stillingsauke. Vi har ein del av arbeidsstokken som er over 60 år – 6,6% i skule, men det er enno inga stor «bølgje». Vi har jamt over god dekning på utdanna personale både i barnehage og skule. Men innan skule vil vi nok få utfordringar dei neste åra i høve pedagogar. Dette grunna permisjonar eller at lærarar går over i andre yrke

3.2 Sjukefråver

Arbeidsstad	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum kortids. 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Oppvekst	7,20 %	1,10 %	0,62 %	1,72 %	5,48 %
Fjaler kommune	6,52 %	1,08 %	0,50 %	1,58 %	4,94 %

Sjukefråværet har i 2019 vore høgt. Det er særleg barnehagane som dreg tala opp. Samanlikna med 2018 så er det ein auke på 0,4 prosentpoeng i totalt sjukefråvær. Det er langtidsfråværet som har gått opp i 2019. Det andre har gått ned.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Etter planen skal vi i løpet av hausten 2020 ha medarbeidarundersøking. Arbeidet med å førebu det er starta.

4. Tenestene

Foreldreundersøking. Flekke barnehage gjennomførte foreldreundersøking med god deltaking (70%) og med god score. Det er vekst i tal barn i Flekke og Straumsnes. Dette gjer at det er begynt å bli trangt i skulen og barnehagen i Flekke for barn, elevar og tilsette.

Elevundersøkinga vert gjennomført på alle skulane for alle elevar frå 5. – 10. trinn. Jamt over er det gode resultat på denne samanlikna med andre. Men siste året var resultatene dårlegare enn åra før. Undersøkinga stadfestar det vi veit og som vi har arbeidd mykje med, opp mot eit godt og trygt elev- og skulemiljø. Her har vi sterkt fokus framover.

Nasjonale prøver. Dette året har vi svakare resultat enn tidlegare, og ligg som kommune under landsgjennomsnittet. Men resultatene varierer frå skule til skule. Resultatene i engelsk er dei som utmerkar seg mest i negativ retning. Ungdomsskulane våre leverer godt på grunnskulepoeng.

Alle skulane har siste året førebudd seg og arbeidd mykje med ny læreplan frå hausten 2020.

Barnehage har ny rammeplan å følgje. Den er bra innarbeidd allereie.

Yksnebjør barnehage har samarbeid med Høgskulen på Vestlandet i arbeid med temaet *Trygge og tydelege vaksne*.

Våge barnehage flytta i desember inn i **NY BARNEHAGE!** Dette har blitt ein svært flott barnehage, der det ser ut som om både barn og vaksne trivst godt.

På området til Dingemoen skule er det stor byggeaktivitet. Dette forringar både ute- og innemiljøet for elevar og tilsette. Nokre utfordringar er det, men så lenge personalet og elevane er fleksible så går det greitt. Men vi ser fram til at ny skule er på plass hausten 2021. Også rundt Våge skule har det vore stor byggeaktivitet. Alt slikt arbeid påverkar skulemiljøet, men også her har det gått relativt bra. Guddal skule har hatt stor nedgang i elevtalet siste året. Dette skuleåret udelt.

5 Kostra

	Fjaler 2018	Fjaler 2019	Gaular (- 2019)	Jølster (- 2019)	Landet	Kostragruppe 02
Prioritet						
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,4 %	24,0 %	27,7 %	25,1 %	22,4 %	22,2 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	117 160,0	126 583,3	107 331,1	114 255,3	92 909,7	109 957,1
Dekningsgrad						
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,2 %	8,5 %	14,3 %	9,2 %	7,7 %	9,2 %

6 Andre nøkkeltal



Barn med barnehageplass ⁱ
92,5 % [per 2019]



Elever i SFO/AKS ⁱ
50 % [per 2019]



Elever som får særskilt norskopplæring ⁱ
1,6 % [per 2019]



Elever som får skoleskyss ⁱ
20,8 % [per 2019]

7 Utfordringar fromover

Før vi får nyeskulen klar har vi store utfordringar i høve plass til elevar og lærarar på Dingemoen. I Flekke skule og barnehage aukar og barne- og elevtalet, så der og vert det trangt om plassen. I Flekke og på ny 1-10 skule skal det inn nye rektorar. Desse må få tid til å sette sine merke på skulane. Som mange andre så har vi våre utfordringar på skulemiljø. Dette har vi sterkt fokus på framover, og vil prioritere opp mot det. Vi har kome med i ei nasjonal satsing; Inkluderande barnehage- og skulemiljø pulje 5. Dette vil vere ei god hjelp.

6 Helse og omsorg

1 Om sektoren

Helse og omsorg er ei ny organisering frå 4. november 2019. Legekontoret var ikkje ferdig omorganisert før 1. februar. Helse og omsorg er no delt inn i desse sju einingane:

Tenestekontor: Har ansvar for tenester knytt til forvaltning (tildeling av tenester og enkeltvedtak etter gjeldande lovverk), koordinerande eining, kompetanseheving, økonomi og systemansvar. Etter ny organisering har tenestekontoret og ansvar for BPA, lærlingar og omsorgsstønad. Tenestekontoret er støttestab for kommunalsjef helse og omsorg.

Miljøteneste: Etter ny organisering er alle tenestene til personar med utviklingshemming samla i denne eininga. Tenester i bufellesskap, i eigen heim, avlastningstilbod, dagsenter og eigne tiltak der ein kjøper tenester hjå eksternt firma. Før ny organisering var miljøtenestene delt i arbeidslag 2 og arbeidslag 3.

Heimetenester: Yt heimetenester til heimebuande innbyggjarar i heile Fjaler kommune. Heimetenester er tidlegare heimesjukepleie og praktisk bistand. Før ny organisering var heimetenestene fordelt på tre ulike arbeidslag (arbeidslag 1, 2 og 5) og høyrde til eininga bistand og omsorg.

Sjukeheim: På sjukeheimen er det ei langtidsavdeling m/skjerma eining, ei kortids- og rehabiliteringsavdeling, institusjonskjøkken og dagsenter etter ny organisering. Før ny organisering var sjukeheimen delt på to arbeidslag (arbeidslag 1 og 5) og høyrde til tenesta bistand og omsorg.

Helsetenestester: Etter ny organisering er eininga sett saman av; psykisk helse og rus, legekontor, fysio – ergoterapitenesta og helsestasjonen der alle er samla med felles leiar. Før ny organisering var psykisk helse ein del av tidlegare bistand og omsorg, mens dei andre tenestene var sjølvstendige einingar.

NAV: NAV Fjaler er eit partnerskap mellom NAV Vestland og Fjaler kommune, og yt arbeids- og velferdstenester. Dei kommunale oppgåvene er etter lov om sosiale tenester i NAV og søknader til Husbanken.

HAFS barnevern-teneste: Er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Tenesta arbeider etter lov om barnevern-tenester. Fjaler kommune er vertskommune og har arbeidsgjevaransvar for tenesta. Dei deltek også i barnevernvaktordning med kommunane Sunnfjord, Kinn og Bremanger.

Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg etter ny organisering.

2 Økonomi

2019

Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Bistand og omsorg	79 003	78 950	0,07
Helsesøster	1 709	2 044	-16,39
Fysioterapeut	2 171	2 197	-1,18
Kommunelækjar	9 801	8 125	20,62
Leiar NAV	3 121	3 284	-4,98
Barnevernsteneste	4 244	4 724	-10,15
Totalt	100 049	99 324	0,73

Rekneskapstala er delt inn slik som organiseringa var **før** ny organisering.

Tal frå rekneskapen viser eit overforbruk på 726 000 kroner, dette er 0,73 % avvik.

Meirforbruket er på tenesta kommunelækjar/legetenester. Dei andre einingane har underforbruk, medan bistand og omsorg ligg på budsjett.

Bistand og omsorg:

Bistand og omsorg ligg på budsjett med eit lite overforbruk på 54 000 kroner som utgjer avvik på 0.07 %. Det er gjort budsjettendringar i samband med kvar tertial. Det har vore nokre auka kostnader i høve tilrettelegging og arbeid med ny organisering, samt auke i kostnadar grunna kjøp av tenester frå privat firma. Samstundes har bistand og omsorg redusert utgifter med å redusere innleige av vikarar.

Sjukeheim: Noko overforbruk grunna at nokre bebuarar treng ekstra personell. Fleire pasientar på korttidsavdeling står på venteliste til fast opphald. Nokre av dei treng ei anna oppfølging og andre ressursar enn det som var sett av til bemanning. Færre brukarar på fast opphald har ført til lågare brukarbetaling. Sjølv om det er færre pasientar med fast opphald no, gjeld eigenbetaling for dei som har korttidsopphald over 60 døgn i kalenderåret.

Helsetenestene:

Helsestasjonen har eit underforbruk. Årsaka til det er at vi ikkje har fått rekruttert helsesjukepleiar til fagansvarstillinga på helsestasjonen. Stillinga har difor vore vakant delar av året.

Fysio- ergoterapi har god budsjettkontroll og har eit lite underforbruk.

Kommunelækjar/legetenester har eit overforbruk på 1 675 000 kroner. Overforbruket er samansett:

Legevakt: Det er eit meirforbruk på kjøp av legevakttenester frå SYS IKL på 200 000 kroner. I tillegg vert dei privatpraktiserande legane kompensert for øyeblikkeleg hjelp på dagtid – denne budsjettposten var underbudsjettet med 100 000 kroner. Samla sett kjem denne tenesta ut med eit meirforbruk på 300 000 kroner. **Legesenter:** Når budsjettet for 2018 blei laga, fekk legekantoret eit innsparingskrav på 250 000 kroner. Salderingane vart lagt ut på driftspostane, men ein har ikkje lukkast med tiltaka for å nå innsparingsmålet. På nokre postar er det store meirforbruk.

Vikarutgiftene er overskridne med 120 000 kroner. Vidare er det utbetalt 114 567 kroner til legane for beredskap som ikkje var budsjettet, denne oppretting gjaldt regnskapsåret 2018. Det er svikt i inntektene på 300 000 kroner, noko kan forklarast med reduserte brukarbetalingar. Kommunen var utan turnuslege eit halvår, noko som førde til mindre inntekt.

Tenesteleiar - som var leiar for legekantoret i 2019 - meina at alle utgiftene var heilt naudsynte og noko ein ikkje kunne ha unngått.

NAV Fjaler:

Har eit underforbruk på 163 600 kroner. Underforbruket er i hovudsak lønnsutgifter og yting til livsopphald i kvalifiseringsprogrammet (KVP) og økonomisk stønad til flyktningar. Vakant stilling delar av året, har ført til reduserte lønnsutgifter. Redusert behov for stønad til livsopphaldsutgifter er i hovudsak grunna vedtak om statlege ytingar og overgang til skule eller ordinært arbeid.

Barneverntenesta:

Har eit underforbruk på 479 000 kroner. Hovudårsaka er at nokre tiltak ikkje har vorte sett i verk som planlagt. Dei har hatt mindre utgifter til løn enn forventta grunna vakanse, men har leigd inn konsulent.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Grunna ny organisering har det vore mange endringar knytt til årsverk internt i organisasjonen.

Tenestekantoret: 2,6 årsverk.

Ingen endring i årsverk.

Miljøteneste: 24,6 årsverk.

Per i dag ingen vakante stillingar. Høg alder hjå fleire av tilsette vil skape behov for rekruttering om nokre år, om brukargruppa er stabil.

Heimeteneste: 20,8 årsverk.

Gjennomsnittalderen er 45 år. Heimetenesta har ikkje vakante stillingar. Har hatt gode søkarar på sjukepleiestilling som var lyst ut og fått nyttilsett kreftsjukepleiar.

Sjukeheim:

Langtidsavd. med skjerma eining: 20,75 årsverk

Korttids-rehab.avd.: 13,88 årsverk.

I desse årsverka er leiar sjukeheim og personale på avdelingskjøkken medrekna.

Dagsenter: 1,6 årsverk.

Kjøkken: 2,6 årsverk.

Årsverka på avdelingane vart tilpassa ny organisering med ein pleiefaktor på 0,8.

Langtidsavdeling med skjerma eining har i dag 2 vakante 100% sjukepleiestillingar. Vanskelig å rekruttere sjukepleiarar til sjukeheimen.

Helsetenestene:

Psykisk helse : 4,25 årsverk.

Vedtak i 2019 på tilsetting av ruskoordinator i 60 % stilling. For å kunne lyse ut etter 100 % stilling skal den vere knytt til psykisk helse. Ein tilsett skal gå av med pensjon i 2020. Vi bruker deler av stillinga til å få ruskoordinator opp i 100 %. Målet er tilsetting av ruskoordinator i løpet av 2020. Det er ei utfordring at vi ikkje kan lyse ut etter 100 % utan turnusjobbing. Dette kan gjere rekrutteringsprosessen vanskeligare.

Helsestasjonen : 3,3 årsverk.

Leiar for helsestasjonen slutta i august 2019. Stillinga blei omgjort til fagansvarleg helsesjukepleiar. Den vart lyst ut to gongar, men har ikkje fått tilsett nokon. Rekrutteringsprosessen held fram i 2020. Jordmorstillinga er mellombells auka opp til 50 % f.o.m oktober 2019.

Legekontoret : 5 årsverk inklusiv turnuslege

2 årsverk er legeressurs der 1 årsverk er turnuslege og 1 årsverk er fordelt på fleire legar med ulike kommunale legeoppgåver innan sjukeheim, helsestasjon, smittevern, samfunnsmedisinsk rådgjeving, miljøretta helsevern og andre kommunale legeoppgåver. Dei resterande ressursane er i ekspedisjonen/legekontoret.

Fysio – ergoterapiavd: 5 årsverk inklusiv turnuskandidat.

Ingen endringar i årsverk eller stillingar.

NAV Fjaler: 2 kommunale årsverk.

Har 5 fast tilsette, der 2 er kommunale. Leiar er statleg tilsett, og partane deler 50/50 på lønnsutgifter. I 2019 har det grunna permisjon/sjukefråvær vore to tilsette i mellombelse stillingar.

Barneverntenesta: 8, 5 årsverk.

Har 8,5 stillingar inkludert leiar. 2,5 stillingar er tiltaksstillingar og 6 er sakshandsamingsstillingar. 2,3 av stillingane er stort sett finansiert av tilskot frå fylkesmannen. Barneverntenesta har hatt utfordringar med rekruttering over tid, og det har vore litt gjennomtrekk i stillingane. Dette er ei relativt ung gruppe, noko som kan vere medverkande årsak til dette. Pr. i dag har situasjonen med rekruttering vore god, og det er kun 0,5 stilling vakant.

3.2 Sjukefråvær

Arbeidsstad	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Helse og omsorg	6,65 %	1,13 %	0,39 %	1,52 %	5,13 %

Samanlikna med gjennomsnittet på landsbasis (9%), ligg Helse og omsorg langt under.

Hovudfråværet er langtidsfråvær utover arbeidsgjevarperioden, og einingane har fått refundert store delar av kostnadane. Sjukefråværet viser ein positiv utvikling, særskilt med tanke på at vi har vore gjennom ei omorganisering, noko som kan vere ein belastning hjå dei tilsette.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Dette er vi ikkje kome i gang med.

4. Tenestene

Omorganisering har vore fokus gjennom heile 2019. Det har vore jobba jamt med ny organisering på tvers av helse og omsorg. Ny organisering starta 4/11 2019, unnateke legekantor. Der var ny organisering først på plass 1. februar 2020.

Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene 2019:

SamPro	Digital individuell plan vart innført i mars 2019
Tverrfagleg samarbeid	Ny organisering har ført til tettare samarbeid mellom dei ulike einingane og styrking av koordinerande eining
Elektroniske meldingar	Vidareutvikla e -meldingar gjennom samarbeid med KS e-komp. Laboratoriesvar kjem no digitalt
Endringar i fagsystem for pleie og omsorg	I samband med omorganisering, dette arbeidet vart gjort utan kjøp av tenester frå leverandør
Langturnus	Eit av måla for miljøtenesta er at brukarar med store hjelpebehov har færrast mogleg personale å forhalde seg til. I eininga har vi gitt tilbod om å jobbe langvakter til tilsette som ynskjer det. Dette fører til større forutsigbarheit og tryggleik for brukarane. Ordninga vil bli evaluert
Velferdsteknologi	I samarbeid med utviklingscenteret har vi innført fleire nye metodar tiltak , m.a. elektronisk medisindispensar og digitalt tilsyn. Gevinstrealiseringa er at vi har teke bort ei nattevakt og erstatta den med digitalt tilsyn. Dette arbeidet går kontinuerleg. Leiar i velferdsteknologi har ca 40 % stilling knytt opp til prosjektet
Bu lengst mogeleg heime	Tidleg innsats i heimen, tidleg inn med tilbod om dagopphald til eldre Tilby tiltak for meistring i heimen.
Ny organisering i sjukeheim	« Reinare avdelingar». Faste opphald på langtidsavdeling for pasientar med stort hjelpebehov. Kortids- og rehab.avdeling som skal ta i mot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus, samt drive rehabilitering med sikte på å kome heim att, slik at eldre i Fjaler kan bu lenger heime.
Ernæringsgruppe	Jobba for å få innført eit ekstra varmt måltid (lunsj), samt forskyve middagen til eit seinare tidspunkt. På dagen. Mål – redusere tal timar på nattfaste.
Felles medisinerom på sjukeheimen	Betre samarbeid på tvers av avdelingar, felles rutinar, mindre lager av medikament
Rehabilitering og habilitering	Har vore hovudfokuset i fysio- /ergoterapitenesta. I helsestrategiplanen er

	rehabilitering og habilitering eit av dei viktigaste prioriteringsområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg. Dette fordrar auka samarbeid med omsorgstenesta. Dette satsingsområdet held fram i 2020.
Frisklivstiltak «Aktiv på dag»	Fysioterapitenesta har som frisklivstiltak oppretta gruppetrening for eldre. Det er fire grupper fordelt på fire geografisk forskjellige stadar i kommunen.
Førebygging og samarbeid med andre aktørar	Helsestasjonen har dei siste to åra hatt ei ekstra stilling som er dekkja av midlar frå helsedirektoratet. Dette har ført til auka fokus på førebygging ved tettare oppfølging av born 0 – 5 år og elevar på vidaregåande skule. Dei har i tillegg laga fleire samarbeidsfora opp mot mellom anna BUP og barnehagane i kommunen for å styrke samarbeidet. Målet er å gje betre koordinerte tenester. Samarbeidsfora mot BUP og barnehagane har dei vert nøydd til å sette på vent grunna manglande rekruttering til den ledige stillinga.
Rusarbeid	I psykisk helse har det i siste del av året vore fokus på styrking av kommunens rusarbeid. Det blei søkt om midlar til ei ruskoordinatorstilling frå helsedirektoratet, og vi fekk innvilga søknaden
Ny statleg organisering	NAV Fjaler var frå 01.01.19 ein del av region Sunnfjord i ny organisering under NAV Vestland
Samhandling i NAV	Samarbeid på tvers mellom Hyllestad, Askvoll og Fjaler har vore eit prioritert område også dette året. Kontora samarbeider om Jobbverkstad for arbeidssøkjjarar, kollegarettleing i grupper og sosialfagleg nettverk
Brukardialog	Gjennomført samlinga «Eg og du» i januar 2019 med tilsette og brukarar i NAV-kontora i Hyllestad, Askvoll og Fjaler. Viktig arena for brukarmedverknad og utvikling av tenester
Tverrfagleg samarbeid i barnevernstenesta	Har hatt stort fokus på tverrfagleg samarbeid, både i samband med omorganiseringa, men også generelt i HAFS. Dette er vegen å gå for å hjelpe born og familiar
Kompetanseheving	Barneverntenesta har delteke på samlingar i regi av Bufdir og fylkesmennene i 2019 som var ein del av eit kompetanseløft i Noreg. Vi har generelt fokus på å vere med i fagleg utvikling og skal også delta på «tenestestøtteprogram» i 2020. Miljøtenesta har samarbeida tett med vaksenopplæringa i spesialisthelsetenesta for kompetanseheving innan bruk av tvang og

	<p>makt, miljøarbeid og aldring hjå personar med utviklingshemming.</p> <p>Framhald av utdanning av assistentar til helsefagarbeidarar. Ulike typar ABC-kompetanseheving, samt vidareutdanning innan kreft/palliasjon. Fire ordinære helsefaglærlingar gjennom året. Dei minoritetsspråklege som tek helsefagarbeidarutdanning har berre eitt år igjen.</p> <p>Ny som leiar i kommunen: Mange leiarar æ deltek på eit leiarprogram med KS</p>
--	---

Kostra

<i>Tenestekontoret fatta omlag 320 vedtak etter helse og omsorgstenestelova:</i>	<i>74 heimesjukepleie</i>	<i>Av desse var 53 rehabiliteringsopphald</i>
	<i>45 praktisk bistand</i>	
	<i>17 dagopphald</i>	
	<i>65 korttidsopphald</i>	
	<i>7 omsorgsbustad</i>	
	<i>11 avlastingsopphald</i>	
	<i>11 fast opphald</i>	

I tillegg kjem vedtak om transportstøtte (tt-kort), følgjekort, parkeringsløyve og støttekontakt. Tal rehabiliteringsopphald speglar kommunen sitt fokus på tidleg innsats og mål om at innbyggjarane skal kunne bu så lenge som mogeleg i eigen heim.

<i>Miljøtenesta</i>	<i>Tenester til 33 brukarar</i>	<i>Inkl. barn/unge</i>
<i>Dagsenter Vevang</i>	<i>Tenester til 12 personar</i>	<i>Mange har redusert tilbod pga alder</i>

98 % av alle søknadar om tenester etter helse og omsorgstenestelova er sakshandsama og svart innan frist. Der det ikkje har vore mogeleg å overhalde frist er det sendt ut førebels svar eller kalla inn til møte med part(ar).

Re-innleggelse til spesialisthelsetenesta innan 30 døgn - 20% i 2019. Tidlegare år har dette vore høgare tal. 29% i 2017 og 25% i 2015.

Dekningsgrad:

Dekningsgrad på institusjon 2019 :	92,6 %
Dekningsgrad på institusjon + rehab.hybler 2019:	79,8%
Ingen overliggendøgn i spesialisthelsetenesta 2019	
Ingen kjøp av institusjonsplass i andre kommunar.	
Influensavaksinerte > 65 år Fjaler kommune:	48,6%

Helsetenester:

Legekontor: Fleire av tenestene frå legekontoret er kommunale no enn tidlegare.

Helsestasjonen har endringar i tala frå 2019 samanlikna med 2018. Sidan helsestasjonen har hatt ei 100%stilling for lite, har dei ikkje klart å gjennomføre tenesta optimalt slik som tidlegare.

Fysioterapitenesta har ein auke i satsing på førebyggjande tiltak. Dette er eit direkte resultat av Aktiv på dag.

NAV:

Ressursar økonomisk rettleiing/gjeldsarbeid på NAV: Behov for økonomisk rettleiing og i komplekse gjeldssaker, har vore aukande over fleire år.

Barneverntenesta: har hatt ein liten nedgang i tal meldingar pr. innbyggjar i Fjaler, men både meldingar og undersøkingar ligg omlag likt med samanliknbare kommunar. Som tabellen under viser har det vore fleire fristbrot enn ynskjeleg, men dette heng saman med bemanningssituasjonen som har vore. Denne kurva er på veg opp, og det er også målet.

		Fjaler		KG02	KG05	Landet u/Oslo
		2018	2019	2018	2019	2019
Nøkkeltall						
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-22 år	kr	7644	6920	8918	8631	8387
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	%	4,7	4,2	4,4	4,6	4,6
Barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	%	4,2	4,7	4,7	4,9	4,8
Barn med tiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	%	4,4	4,4	4,5	4,5	3,8
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	antall	16,1	25	17,6	18,7	19,2
Undersøkingar innan 3 mnd	%	70	75	87	85	88

6 Andre nøkkeltal

Kommunal akutt døgn seng i Førde: Lovpålagt døgn teneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

Barnevern:

Auke i komplekse saker:

Meldingar som omhandlar vald og overgrep + vitne til vald:

2018 – 3 stk (HAFS 19 stk), 2019 – 7 stk (HAFS 20 stk)

7 Utfordringar framover

- Det er auke i tal søknadar som gjeld tenester til familiar. Det er behov for ei utgreiing i høve kva tenester kommunen skal yte, og frå kva eining. Kommunalsjef helse og omsorg har gjeve mandat til å opprette ei arbeidsgruppe som skal jobbe med dette
- Stor auke i tal klagesaker. Det er tidkrevjande arbeid som krev mykje ressursar
- Stor auke i tilsyn frå Fylkesmannen, både når det gjeld system og einsildbrukarar
- Bebuarar i omsorgsbustadane er dårlegare, treng meir helsehjelp. Dette fører til at ein må tilføre meir sjukepleiekompetanse til denne gruppa.
- Det er utfordrande å yte tenester utanom Dale Sentrum på kveld og helg både for heimetenestene og miljøtenesta.
- Mange av brukarane i miljøtenesta har nådd ei høg alder, og ein må sikre at personar med utviklingshemming får ein god alderdom med gode helsetenester. Til palliativ omsorg krevjast sjukepleiekompetanse.
- Kompetanse: Barneverntenesta må framleis jobbe for å auke tiltakskompetansen i tenesta då mykje av denne har forsvunne med tilsette som har slutta, og rekrutteringssituasjonen har vanskeleggjort utdanning og opplæring
- Reform: innan 2022 må kommunane og barneverntenesta vere rigga for å overta mykje av dei statlege barnevernoppgåvene. Dette gjeld også den økonomiske belastinga ved t.d. plasseringar. Vi må starte på arbeidet for å kartlegge kva dette vil krevje av oss.
- NAV Fjaler har ikkje ressursar/kapasitet eller god nok kompetanse til å yte forsvarlege tenester til alle som har behov. Fjaler kommune er etter Lov om sosiale tenester i NAV, pliktig til å yte tenester til dei som har økonomiske utfordringar.

7 Tekniske tenester

1 Om Sektoren

Teknisk har ei kontoravdeling, driftsentral, reinhaldssentral og deltids brannvesen. Det har ikkje vore endringar på organiseringa i 2019.

2 Økonomi

	2018	2019
Rekneskap	9700	11 476
Budsjett	9765	10 781
Avvik	-65	695

Teknisk har eit meirforbruk for 2019 på kr 695 000 (6,45%). Meirforbruket kjem av:

- Drift og vedlikehald av skulebygg, institusjon og kommunale bustader har eit samla overforbruk på 397 000 som er som følgje av høge vaktmesterkostnadar og større kostnadar med serviceavtalar og reperasjonar enn budsjettert.
- Prosjektleiing var budsjettert med fordeling 20% drift og 80% prosjektleiing for investeringsprosjekt. Ved fordeling av kostnadar er det høgare lønnskostnadar knytt til drift av kommunale bygg og lågare lønnskostnadar fordelt på prosjekt enn budsjettert. Det skuldast stort behov for administrativ leiing knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av bygg og eigedom. Dette gav eit meirforbruk på drift på 390 000.
- Drift og vedlikehald av vegar har eit overforbruk på 532 000 og er i hovudsak knytt høgare kostandar med material og lønnskostnadar til vedlikehald av vegar.
- Ekstra kostnadar ved regionreforma og nytt kommunenummer med endringar i GISLINE og KOMTEK. Samla kostnad er 150 000 fordelt med 75 000 i 2019 og resterande blir fakturert i 2020.

For sjølvkostområde for vatn og avlaup er det høgare inntekt enn budsjettert, noko som er med å påverkar totalresultatet.

Overforbruket skuldast i hovudsak høge kostnadar knytt til drift og vedlikehald av kommunale bygg og veg. Budsjettert ramme dekkar ikkje behov for vedlikehald og etterslepet vert stadig større. Dette medfører at det på sikt vert behov for større rehabilitering grunna lite vedlikehald.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Teknisk kontor: 7 tilsette

Driftsentralen: 5 tilsette

Reinhaldssentralen: 9 tilsette + 3 vikarar fordelt på 7 årsverk.

Brannvesenet: Deltid. Brannsjef ligg under teknisk kontor.

Det har ikkje vore endringar i tal tilsette/årsverk i 2019. Teknisk har 4 tilsette over 60 år og to av desse vil gå av med pensjon i løpet av 2020.

Fagleg utdanna reinhaldspersonell har vore og vil vere ei utfordring vidare framover. Rekrutering av sommarvikarar til driftsentralen har vore utfordrande dei siste åra.

3.2 Sjukefråvær

Samla sjukefråvær for teknisk har ein betydeleg nedgang frå 2018. Korttidsfråvær er relativt likt, medan langtidsfråværet er redusert.

	Totalt sjukefråvær	Korttidsfråvær -Eigemeldt	Korttidsfråvær - Legemeldt	Korttidsfråvær –sum	Langtidsfråvær
Teknisk 2018	13,3	0,8	1,0	2,1	11,3
Teknisk 2019	4,76	1,1	0,84	1,94	2,82
Fjaler 2019	6,52	1,08	0,5	1,58	4,94

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Frå hausten 2020 skal heile organisasjonen ta i bruk 10-faktor som medarbeidarundersøking. Dette skal gje ein peikepinn på både kvaliteten på arbeidsmiljøet og på leiinga og vil vere eit utgangspunkt for korleis ein skal jobbe framover.

4. Tenestene

Utbygging av ny barnehage på Våge som opna i desember 2019.

Oppstart utbygging av ny 1-10 skule på Dingemoen.


Ferdigstilling av nytt kryss fv 57 - Jarstadvegen

Kommuneaplanen sin arealdel – utarbeiding av utkast til plan og gjennomføring av folkemøter.


Gjennomføring av kurs i prosjektleiing (PLP metodikk)

5 Kostra

12190: Utvalgte nøkkeltall for klima og energi, etter region og år. Energibruk per m2 eid areal (kWh).




Kilde: Statistisk sentralbyrå



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	74 671	86 219	93 945	102 493
Landet	142 033	163 939	175 869	178 756
Kostragruppe 02	83 249	88 231	94 257	106 967
Sogn og Fjordane (-2019)	87 999	96 763	100 242	109 631

6 Andre nøkkeltal



7 Utfordringer framover

Som tal frå rekneskapan viser er det store utfordringar knytt drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har og vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følge opp denne forvaltninga. Store investeringsprosjekt krev tett oppfølging frå prosjektleiar og det er utfordrande å ha nok ressursar til å gjennomføre alle prosjekta med god nok framdrift.

Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følge opp. Det er og ressurskrevjande å følge opp alle sakene på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshandsamingstid.

8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur

1 Om Sektoren

I denne sektoren ligg fellestenestene for Kommunedirektøren, kultur og landbruk.

Kulturavdeling består av kulturkontoret, folkebiblioteket og frivilligsentralen.

Ansvar 100 Kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, Personal og Organisasjon, tillitsvalde, folkehelsekoordinator, sekretariat for regionrådet og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja, næringsutvikling og kjøp av tenester knytt til revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet her.

Landbruksforvaltninga er eit interkommunalt samarbeid med Askvoll som vertskommune, men eininga har faste kontordagar i Fjaler og er då lokalisert i 3 etg på Fjalerhuset.

2 Økonomi

	2018	2019
Rekneskap	17 276	25 136
Budsjett	17 292	25 478
Avvik	-216	-342

Samla kom sektoren ut med eit mindreforbruk på 0,34 mill. Dersom ein samanliknar 2018 mot 2019 vil ein sjå at det har vore ein stor auke i budsjett og rekneskap. Årsaka her er fleire.

På kultur skuldast auken at der er ført kommunalt tilskot og forskottering av moms i høve bygging av nytt trimrom på Våge på kr 2,5 mill. I tillegg er der nokre meirutgifter knytt til drift av Dingemoen idrettspark til kjøp av rister til oppsamling av gummigranulat rundt kunstgrasbana.

Elles har vi ei mindreinntekt på premiavvik knytt til pensjon på 1,5 mill i høve 2018. Andre kostnader som har auka er kjøp av juridisk bistand som i hovudsak knyt seg til prosessen med fusjonen mellom BKK og SE. Men vi ser at vi samla har meirutgifter på denne posten. Det har vore mange kompliserte saker der vi har måtte knyte til oss juridisk bistand i 2019. vidare er der meirutgifter til politisk leiing, det blir alltid nokre meirutgifter dei åra vi har kommuneval. Alle tiltak som nemnt over er innarbeidde i budsjettet, men er med å forklare auken frå 2018- 2019.

3 Arbeidsgjevar

3.1 Årsverk

Kulturavdelinga består av 3 årsverk. Kulturleiar, bibliotekleiar og dagleg leiar frivilligsentralen. Det har ikkje vore endringar på fleire år, men vi tru at det vil vera lett å rekruttere når det trengs.

Under ansvar 100 er der 11,33 årsverk fordelt på 13 tilsette. Det har ikkje vore utskiftingar på personell gjennom året. Historisk har det ikkje vore utfordringar knytt til rekruttering på denne eininga.

3.2 Sjukefråver

Sjukefråværet for ansvar 100 samla sett er 2,71% for 2019. Dette er ein auke frå 2,0 % for 2018, og det er langtidsfråværet som har auka, medan kortidsfråværet har gått ned.

3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2019, men vi har starta arbeidet med opplæring på ks 10 faktor medarbeidarundersøking. Planen er at vi skal gjennomføre dette på alle tilsette i 2020. 10 Faktor er ein metode utvikla av KS for kommunar og fylkeskommunar der vi måler:

1. Oppgåvemotivasjon
2. Opplevd sjølvstendigheit
3. Bruk av kompetanse
4. Meistringsorientert leiing
5. Rolleklarhet
6. Relevant kompetanseutvikling
7. Vilje til felksibilitet
8. Meistringsklima
9. Nytttemotivasjon

Denne undersøkinga vil gje oss ein peikepinn på både kvaliteten på arbeidsmiljøet og på leiinga i dei ulike einingane. Undersøkinga skal gjennomførast kvart 2. år, og vil vere utgangspunkt for korleis kvar eining skal jobbe framover med sine forbetningspunkt samtidig som ein skal ha fokus på å bevare det som er bra hos dei ulike einingane.

4. Tenestene

Sjå eiga årsmelding for Frivilligsentralen.

For kulturleiar har det å vore prosjektleiar for Samvirket vore tidkrevjande. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet har vore fulgt opp med tiltak og spelemiddelsøknadar. Det var 3 søkjarar til lokale kulturhusmidlar som også gjekk via kommunen. Døme på mindre prosjekt er Dalsfjordveka, TiTur Dalsfjorden, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, fritidsaktivitetar for utviklingshemma, lokal transportordning for ungdom. Nye ting for 2020 vert oppfølging av Kulturminneplanen. Biblioteket har sommarles og nokre arrangement utover faste opningstider.

Elektronisk signatur er innført og teke i bruk på arbeidsavtalar og andre avtalar til signering. Gjev oss mindre papirforbruk, mindre manuell scanning og tryggare handtering av personopplysningar ved at vi slepp sende opplysningar på papir.

Mykje ressursar frå personal, løn og systemstøtte er levert i samband med omorganisering av helse- og omsorgstenestene. Organisasjonsstrukturen i både Websak og Visma måtte leggjast om, og alle tilsette skulle ha nye arbeidsavtalar ved endring i turnus. Dette var eit tidkrevjande arbeid.

Det er prioritert tid til arbeid med kassasjonsplan og arkivplan. Det har gått ein del ressursar til arbeid med endringar som følgje av GDPR, i tillegg er det jobba godt med kvalitetsarbeid og kontinuerleg forbetring.

Kommune- og fylkestingsvalet 2019 vart ein krevjande situasjon for avdelinga, med mykje ressursar som blir bundne opp i planlegging og gjennomføring av valet. Vi fekk og ein del nye problemstillingar grunna val til nye fylker som var vanskeleg å planlegge for. Likevel fekk vi ein god gjennomføring og små endringar i kommunikasjonen kring valet førte til at innbyggjarane og fekk nytta seg av heimerøysting, og vi hadde og langope for førehandsrøysting.

5 Kostra

Adm, styring og fellesutgifter



Prioritet	Fjaler 2018	Fjaler 2019
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	5 871	6 640
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	621	580
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	0	0
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	186	216
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	325	331
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 225	1 236

Tabellen over viser brutto driftsutgifter pr innbyggjar på administrasjon, men talet inkluderer også administrasjon på helse og teknisk. Årsaka til at vi aukar ein del på administrasjon har samanheng med omorganiseringa på helse – her har dei fått meir ressursar. Vi har ikkje auka administrasjonsressurs under ansvar 100 kommunedirektør, men vi har auka utgifter til juridisk bistand som ligg under same posten.

Kultur og idrett


Grunnlagsdata (Nivå 3)	Fjaler 2018	Fjaler 2019
Besøk i folkebibliotek, totalt antall besøk	10 032	10 854
Bokutlån, totalt bokutlån fra folkebibliotek	5 354	5 192
Utlån alle fysiske medier fra folkebibliotek	6 857	6 428

Besøk i folkebibliotek, totalt antall besøk




	2016	2017	2018	2019
Fjaler	9 932	9 962	10 032	10 854

Bokutlån, totalt bokutlån fra folkebibliotek




	2016	2017	2018	2019
Fjaler	5 956	5 557	5 354	5 192

Utlån alle fysiske medier fra folkebibliotek



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	7 726	7 210	6 857	6 428

Prioritet - Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Fjaler	548	669	666	649

6 Andre nøkkeltal

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylker. Fjaler fekk i 2019 (basert på tal frå 2018) ein rangering som nummer 59 av alle landet sine kommunar. 2017: 66, 2016: 67, 2015: 103.

Fjaler folkebibliotek	e-bøker for vaksne	319
	e-lydbøker for vaksne	68
	e-bøker for barn	20
	e-lydbøker for barn	39

7 Utfordringar fromover

SAMVIRKET:

Prosjektet Samvirket har gjeve mange mogelegheiter med møteplass for ungdom, oppretting av Bua og flytting av Frivilligsentralen. Prosjektet har også gjeve nokre utfordringar. Det er eit stort prosjekt som krev mykje teknisk kompetanse og det er mange spørsmål som må løysast etter kvart både i forhold til midlertidig drift og framtidige visjonar. Vi vonar at vi får fleire svar utover 2020 på korleis vi skal organisere dette prosjektet vidare.

Det vil bli ein pensjonering i personal og organisasjon til sommaren. Det blir viktig å sikre ein god avlevering av oppgåver samtidig med rekruttering av ny arkivfagleg kompetanse. Det vil bli lyst ut ledig stilling i slutten av mars/starten på april.

Endring av inngangspartiet i første etasje på Fjalerhuset er nødvendig då vi ikkje lengjer har ressursar til at skranken er bemanna anna enn ved at tilsette vert tilkalla ved hjelp av ringjeklokke. Vi ønskjer ikkje at det skal vere fri tilgang til lokala der personal og organisasjon-, samt økonomiavdelinga sit for å sikre personvernet for tilsette og innbyggjarar.

Avlevering av gammalt eigedomsarkiv vart starta med 10 hyllemeter på 2018-budsjettet. Dette vil framleis vere viktig å få avlevert og gjort elektronisk slik at ein lettare kan finne fram til den informasjonen ein treng i ulike saker. Per no er dette mykje arbeid, og med pensjonering i avdelinga misser vi viktig kompetanse for å leite fram slik informasjon.

Det er framleis jobba med innføring av nytt telefonsystem for at innbyggjarane lettare skal kome i kontakt med oss. Her har oppsettet i det ulike einingane vore kartlagt og er klare. Arbeidet ventar no på SYSIKT og rapportering av erfaringar frå andre som har innført systemet.